



Haustetidsvurderingar for Nordfjord 2. september 2019

Denne veka er det teke ut 3 prøvar Discovery, 5 prøvar Summerred og 3 prøvar Raud Gravenstein. Høg temperatur siste veka har gitt fart i utviklinga.

Discovery

Discovery fått fin utvikling til lys gul grunnfarge og skinande raud dekkfarge. Prøvane er frå tidlege til medels tidlege felt frå Loen-Rake og Sandane-Vereide. Mange felt er blitt hausteklar utover i denne veka. Hugs at epla i haustetidsprøvane er dei best utvikla epla på trea. Er det for mykje eple på trea vil ein slite meir med storleiken. Haust då fyrst epla med god storleik og set att dei mindre epla til 2. hausting.

Discovery				Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	K O Loen	K Strand	M Andenes		
Adresse	Loen	Rake	Sandane		
Prøve nr	1	2	3		
Dato	02.09.2019	02.09.2019	02.09.2019		
Fruktvekt (g)	136	161	167		
Avling	3	3	3		
Fastleik	8,4	6,7	7,9	7,0-8,0	Min 7,0
Ref	10,8	10,8	11,2	10,8	10,8
Stive	6,9	8,6	7,2	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,112	0,073	0,098	0,09-0,16	

*Glinsande raud dekkfarge, grunnfarge C3

Prøve 1





Øvste bilete viser fin utvikling av dekkfarge og grunnfarge. Stivenedbrytinga har auka mykje siste veka, men enno er ein del att og vil gje auka sukkerinnhald. Epla har framleis god fastleik. Denne hagen kan starthaustast.


Prøve 2



Prøve 2 har hatt fin fargeutvikling og stivenedbrytinga er komen svært langt. God smak på frukta. Feltet kan starthaustast.



Prøve 3



Store frukter og fin kvalitet. Sukkerinnhaldet har auka mykje siste veka. Enno ein del stive att i epla, men kan starthautast.

Dette er siste veka med prøvetaking av Discovery.

Summerred

Rettlei.

Til Bama

Dyrkar	G A	E Hamre	M Andenes	K O Loen	K Strand		
Vereide	Sandane	Sandane	Sandane	Loen	Rake		
Adresse	1	2	3	4	5		
Prøve nr	02.09.2019	02.09.2019	02.09.2019	02.09.2019	02.09.2019		
Dato						50 %	
Fruktvekt (g)	187	152	170	178	169	dekkfarge	
Avling	3	3	3	2 til 3	3		
Fastleik	7,6	7,7	7,9	7,9	7,9	7,0-8,0	min 6,0
Ref	11,3	10,2	10,2	11,2	10,2	10,5	10,5
Stive	6	6,1	6,4	5,2	6,4	5,0-7,0	5,0-7,0
Streif	0,112	0,124	0,120	0,136	0,12	0,09-0,16	0,09-0,16



Det er store eple og fin kvalitet på haustetidsprøvane. Summerred har fått lysare grunnfarge og meir intens raud dekkfarge siste veka. Det er enno ein del stive att i epla så sukkerinnhaldet vil framleis auke framover mot haustestart. Fruktfastleik er eit viktig haustekriterie for Summerred, mjuke eple er lite populært i omsetninga og frukta må innhaustast og transporterast til kjølelager før den blir for laus i fruktkjøtet. Starthasting av tidlege Summerredfelt vil difor kome hakk i hæl på Discovery-hastinga. Slik utviklinga ser ut no vil det kunne bli starthasting i tidlege felt rett over komande helg.

Det blir teke nokre nye prøvar neste måndag.

Prøve nr 1 (lågast streifverdi)



Store eple med fin fargeutvikling. Ein del eple har lite stive att og fruktfastleik på 7,6 indikerar haustestart rett over komande helg.



Raud Gravenstein

Rettlei.

Til Bama*

Dyrkar	K O Loen	G A Vereide	J Slagstad		
Adresse	Loen	Sandane	Sandane		
Dato	02.09.2019	02.09.2019	02.09.2019		
Prøve nr	1	2	3		
Fruktvekt (g)	201	218	197	30 % dekkfarge	
Avling	2 til 3	3	3 til 4		
Fastleik	8,2	8,1	7	6,5-7,5	
Ref	11,5	11,9	11	10,8	
Stive	3	3,2	3,7	5,0-7,0	
Streif	0,237	0,211	0,173	0,09-0,16	

Som venta har Gravenstein ein del å gå på før den er hausteklar.

Prøve nr 3:



På Raud Gravenstein manglar både grunnfarge og dekkfarge, men stivenedbrytinga er komen i gang og epla i prøve nr 3 er mjukna ein del. Sukkerinnhaldet blir høgt etter kvart som stiveinnhaldet minkar, så kvaliteten blir god når den får hange på ei god stund til.



Norsk
Landbruksrådgiving **Vest**

Det blir sendt ut ny haustetidsvurdering komande tysdag.

Helsing
NLR Vest
Rune Vereide